Møte i FAU ved Meland ungdomsskule

Dato: 3. juni 2019 kl 20.30-21.30.

Til stades:

Hilde Brendehaug Hugaas (rektor)

Lilli-Ann Hagen (8A)

Mona Grasdal Lampa (9A)

Aslaug Aalen (9B)

Nina Cecilie Spurkeland (10A)

Meibel Våge (10B)

Ikkje til stades:

Erik Steffensen (8B)

Sakliste:

41. Godkjenning av referat og sakliste

42. Ny ungdomsskule – oppsummering av arbeidet vi har gjort dette skuleåret, og vurdering av kva som bør gjerast til hausten.

43. Korleis kan foreldra/FAU bidra til eit godt ungdomsmiljø på Frekhaug?

44. Vakter til Kulturfest og Neonparty

45. Orienteringar ved rektor

46. Evaluering av FAU-arbeidet skuleåret 2018/19

47. Eventuelt

Referat frå FAU-møtet

#	Sak	Status/Argumenter	Aksjon
41.	Godkjenning av referat og saksliste	Godkjent.	
42.	Ny ungdomsskule – oppsummering av arbeidet vi har gjort dette skuleåret, og vurdering av kva som bør gjerast til hausten.	FAU brukte mykje tid på «budsjett-saka» hausten 2018, så arbeidet med ny ungdomsskule kom først i gong for alvor våren 2019. FAU har bl.a. skrive brev til ordførarane, presentert saka i kommunestyremøte 15. mai og hatt besøk på skulen av listetoppane i alle dei politiske partia den 3. juni. Alt har fått god medieomtale. God «timing» i forhold til haustens valkamp. Skryt frå rektor for arbeidet til FAU dette året! Saka blir den viktigaste saka for FAU også neste skuleår. Forslag til tiltak for FAU: - Uttale seg om reguleringsplanen. - Fortsetje dialogen med politikarane og engasjere seg i valkampen. - Samarbeide med skulen og elevrådet, for eksempel få elevane til å gjennomgå valprogramma for å svar på om partia vil prioritere bygging av ny ungdomsskule på Frekhaug. - Invitere gruppeleiarar og formannskap til eit møte med FAU så snart det nye kommunestyret i Alver er klart (september/oktober 2019), helst før økonomiplanen skal behandlast. - FAU må utfordre politikarane på framdrift; sjølv med oppstart i 2019, vil ny skule tidlegast kunne	**Nina** kontaktar Meland kommune og etterlyser informasjon om tidspunkt for høyringsuttalelse for reguleringplan for Langelandskogen der skulen er føreslege plassert.

#	Sak	Status/Argumenter	Aksjon
		stå klar i 2023.	
43.	Korleis kan foreldra/FAU bidra til eit godt ungdomsmiljø på Frekhaug?	Ynskje frå FAU om at klassekontaktane skal bli meir aktive. Viktig for eit godt skule- og ungdomsmiljø at foreldrene kjenner kvarandre. Kommunen har gjort mykje med bl.a. UNG Meland og ungdomskoordinator etc. Politiet gjer også ein god jobb. Inntrykket er at det er foreldrene som «heng etter». FAU bør ta kontakt med Frivilligsentralen og sørge for at det kan haldast informasjonsmøter for nye nattevandarar på kveldstid (ikkje alle som kan møte på dagtid). Ungdomsmiljøet på Frekhaug blir ei prioritert sak for FAU også neste skuleår.	
44.	Vakter til Kulturfest og Neonparty	FAU skal skaffe fire vakter til Kulturfesten fredag 14. juni og seks vakter til Neonparty fredag 30. august. Begge arrangementa er i regi av UNG Meland m.fl.	**Nina** og **Mona** tar ansvaret for dette og melder tilbake til ungdomskoordinator Susanne.
45.	Orienteringar ved rektor	Det blir eit MOT-foreldremøte rett etter skulestart. Ordinært foreldremøte blir første veka i september.	**Rektor** vil organisere første FAU-møte så snart som mogeleg etter at nye FAU-medlemmer er valde på foreldremøtene.
46.	Evaluering av FAU-arbeidet skuleåret 2018/19	FAU har jobba godt og effektivt med fleire saker, bl.a. budsjettsaka, skulesaka og ungdomsmiljøet. Likevel var spesielt hausten var prega av mange arrangement. Bl.a. vart Neonparty på Vestbygd eit FAU-arrangement fordi UNG Meland ikkje hadde kapasitet. Semje om at skuleballet i februar kvart år er det einaste elevarrangementet FAU skal	

#	Sak	Status/Argumenter	Aksjon
		ha ansvaret for. Ut over dette vil sjølvsagt FAU i samarbeid med klassekontaktene stille med vakter og ev mat. Forslag om at varamedlemmer i FAU møter fast og at ein jobbar i grupper med ulike tema mellom møtene. Klassekontaktene bør også involverast meir, for eksempel i forbindelse med ulike arrangement på skulen. Vurdere å opprette ei eiga «arrangementsgruppe». Antall møter (6) har vore passe. Aslaug fekk skryt for arbeidet ho har gjort som leiar av FAU. Facebookgruppa til FAU fungerer godt (betre enn e-post).	**Rektor** tar dette forslaget opp til diskusjon på første FAU-møte neste skuleår der også varamedlemmar (og klassekontakter) blir invitert.
47.	Eventuelt	Ingen saker	